



Fig. I

Familien Åland er fotograferte kring 1893 med elevane på Jenteskulen i ørbødig avstand bakom. Garden Lindland på Åland kan skimtas i bakgrunnen, medan internatet på skulen og turkehuset på teglverket ligg midt i biletet.

«ÅSLANDS-JENTENE MERKTE SEG UT»

Jenteskulen på Åsland 1883-1902

ASGJERD TAKSDAL

Stavanger Amts Jenteskole heitte han offisielt, denne første offentlege vidaregåande skulen for jenter i fylket, forløparen til fylkeshusmorskulen på Sømme. Det var ikkje så opplagt i siste helfta av førre århundret at jenter frå landsbygda trong noko særer opplæring, utover den dei kunne få som jente hjå ei dugande husmor. Smått var det med offentlege midlar og, så eldsjelene brukte omtrent like lang tid på å få skulen i gang som dei sidan heldt han gåande, vel 20 år.

Saka kom opp i amtstinget første gongen i 1863, og då snakka ikkje amtmann Harris om **husmorskule**. Han la fram tanken om "en Dannelsesanstalt for Kvinder", og grunngav framlegget sitt slik:

"I den Hensigt at bibringe de unge Kvinder - de vordende Husmødre paa Gaardene - en større Kyndighed i deres meget vigtige Gjerning i Landhusholdningen, baade som Forvalter af Gaardens Afkastning, der gaar gjennom Husholdningen, og som sørgende for Melkestellet, og i mange Tilfælde ogsaa det hele Fjøsstel (....) ved offentlig Bistand at give Kvinden Anledning til at uddanne sig for sit Kald som Bestyrinde af en Landhusholdning."

Det verkar rett så rimeleg sett frå vår tid.

Den gongen og hadde folk i omlag 20 år sett kva det hadde å seia for gardgutane å koma på skule hjå Budde og bli agronomar. Den nye jordbruksøkonomin kravde nytt stell og ny innsikt, og det låg sprengstoff i den nye skulelova av 1860. Men å kosta skule på jentene var likevel ikkje så sjølvsagt

- Det var sakte dei som reiste til byen og fekk seg opplæring i saum og finare matstell og andre "Fruentimmerferdigheder", men det gjorde dei ikkje alltid betre skikka til å ta over eit gardshushald. Garborg har lite godt å seia om bondejentene som tek seg ut og på død og liv må bli lærarinde eller telefonistinde eller "noko anna på inde". Det var dessutan ei vanleg oppfatning at bylufta var usunn, særleg for dei som skulle tilbake til landsbygda.

Amtmann Harris ville då heller ikkje ha noka jenteopplæring i byen. Finansieringa kravde nok og at dei knytte heile planane fast til landbruket. Så vart det nedsett ein komite på fem mann: Budde, amtsagronom Torkildsen, utskiftingsformann Njeld Kolbeinstveit, G.Grude og O.G.Ueland, og då dei la fram tilrådinga si, kalla dei jenteskulen for ein **Landbrugsskole**. Dermed rekna dei med å få halve utlegg refunderet av Landbrugsfondet. Dessutan skulle amtet finna ein høveleg gard til å driva skulen på.

Organiseringa vidare var dei usamde om. O.G. Ueland ville læra opp eit par "Fruentimmer" og stasjonera ei hjå ein bonde i Ryfylke og ei på ein gard i Dalane. Gjekk ikkje det, så fekk dei to reisa rundt i



Fig. 2

Heimahuset på Lindland. Skulestova var i søre enden og familien Åstrand budde i nøre enden. Huset vart rive i 1948.
Foto frå kring 1920. * Time Folkebibliotek.

amtet og læra ungjentene opp heime. Budde ville heller gi jentene støtte så dei kunne reisa kring på fleire gardar og skaffa seg opplæring i både fjøsstell og anna kvinnfolkarbeid. Landbrukskomiteen verka ikkje nett oppglødde der dei fekk framleggjet på bordet i 1865. Detasta no ikkje - Folk måtte få venja seg til tanken - og heile opplegget verka skremmande stort. Kva om elevane - "de kunstig fremelskede Planter" - vart **forvel utdanna** og ikkje lenger kunne trivast i den heimejorda dei etterpå skulle veksa i?

Og kvar i all verda - innanfor Stavanger Amt - skulle det finnast ein høveleg gard, med ein bonde som både kunne vera skulestyrar og stå for den praktiske jordbruksopplæringa, og ei husmor som både kunne halda internat og vera hushaldslærarinne? Komiteen nøgde seg elles ikkje med det heller. Torkildsen hevdar at skulen også må kunna gi "en Hjertets Dannelse og den Velsignelse, der ligger i et alsidigt Kjendskab til, hvad der kan tjene til Føde for baade Legeme og Aand". Idealet ser ut til å ha

vore ei kryssing av det vi kjenner frå vårt eige århundre som husmorskule, landbrukskule og kristelg ungdomsskule.

Landbrukskomiteen utsette saka til året etter. Den tida meinte dei Torkildsen kunne trengja for å finna ei høveleg husmor på ein høveleg gard. Og for han var det mykje om å gjera å få denne saka gjennom, så han har nok nyttet tida. Han hadde "saare megen interesse" for å greia oppdraget, men det vart for vanskeleg. Dei slapp å løyva pengar i 1866 og. Torkildsen la fram resultatet av undersøkjingane sine, men det var for negativt: Han hadde korkje gard eller husmor å koma med. Vi merker ein undertone av kritikk i utgreiinga: **Om** han no hadde funne ei drivande husmor, kva slag vilkår skulle han då kunna by henne? Det fanst ingen skuleplan. Trua hadde han likevel ikkje mist - slike gardakoner var ikkje utenkelege. Og han heldt fram.

Mellom anna viste han til ein tilsvarande skule i Aker. Styraren der hadde 108 Spd. for kvar elev. Skuletida var to år, og elevane betalte sjølv 24 Spd. i året. **Så** råfrott var det no ikkje nødvendig å satsa i amtet vårt, ein fekk innretta seg enklare og godta ein strengare økonomi. Skulen burde ha åtte elevar i kvart kurs, og dei skulle delta i både grovare og finare arbeid, så langt kreftene deira rakk. Styrarløna burde vera 250 Spd og lærarinna kunne få 100 Spd. Rettnok var 250 Spd. reint for lite for det ansvaret og det arbeidet styraren måtte ta på seg. Men Torkildsen var redd heile saka ville bli avvist dersom han slo for stort på. Det burde elles ikkje vera eit pengespørsmål om skulen skulle koma i gang, han var for viktig til det. Kva om dei sökte Noregs Vel om stønad - og kvifor ikkje Stavanger Sparekasse? Urimeleg ville det heller ikkje

vera om Stavanger kommune ytte ei hjelp - tenk på alle dei bymennene som åtte gardar utover landsbygda og trong flinke kvinner til å stå for hushaldet?

Plassen og husbondfolka kan venta litt, seier Torkildsen. Set opp vilkåra, lys ut postane og nemn opp eit styre til å vurdera søkerne, så vil det visa seg om folka finst. Finst dei ikkje, så er det berre å slå heile ideen om jenteskule frå seg.

Dette brevet sende Torkildsen til Amtstinget sin landbrukskomite 3.mai 1866. Ein månad etterpå kom tilrådinga: Visst burde det vera ein skule, og han burde leggjast til ein fast stad - men elles var ikkje saka mogen enno og burde utsetjast til neste amtsting. Den siste formuleringa fekk amtsmannen endra til "et senere amtsting" - og det vart amtstinget i 1881. Då løvdde Stortinget pengar til skulen, og amtstinget vedtok 4. juli 1881 at skulen skulle setjast i gang. Postane vart utlyste, i to omgangar, og det kom ikkje mindre enn 15 søkerne i alt. Stoffer Aasland var mellom dei.

Men folk var langt frå einige om korleis skulen skulle drivast. Det skulle vera 12 elevar på kvart kurs, og kvar av jentene skulle betala 144 kroner for kosten. Det kunne føra til at berre velståande foreldre ville senda døtrene sine til skulen. Og kvifor skulle betalingsevna slå så urettferdig ut for jentene? Gutane som gjekk på jordbrukskulen hadde fritt opphold i to år. Jentene burde kunna søkja om friplass. Amtstinget ville ikkje ta på seg den meirkostnaden, men tre halve friplasser kunne dei innvilga.

Dermed var dei verste hindringane rydda av vegen og jenteskulen kunne koma i gang.

Men framleis stod det att å finna ein gard med allsidige arbeidsoppgåver både ute og inne, ein styrar

med både administrative og pedagogiske evner, ei husmor med både innsikt i praktisk arbeid og evne til arbeidsleiing, og, ikkje minst, husrom for ein dusin ungjenter og rom for både teoriundervisning og praktiske fag innandørs.

I ettertid kan det sjå ut som eit urimeleg trått arbeid å koma så langt. Men då skal ein minnast at Minna Wetlesen sin landshusmorskule på Abildsø i Austre Aker, den Torkildsen viser til, nett var starta opp i 1865. Og den skulen er så vidt vi veit den første av sitt slag i Europa. Dei to første offentlege husmorskulanane kom i to Vestlands-fylke i 1876 og 1877. Så Rogaland var slett ikkje så i bakleksa som det kunne synast i første omgang.

Men staden fann dei, på Åsland i Time

I 1881 løyvde Stortinget pengar til å starta skulen. Amtstinget vedtok å ordna undervisninga som ni månaders kurs, frå mars ut november, for kull på inntil 12 elevar. Det hadde vore panneverk på Åsland, og styrarbustaden kunne innreiast som internat. Enkelt nok, jentene sov to og to saman i uttrekkssenger. Stoffer Åsland var ein flink administrator. Det var ei mengd arbeidsfolk på garden og i kosten og dermed rikeleg hushaldsarbeid til å trena seg på, og Stoffer sa seg villig til å byggja ei romsleg skulestove inntil heimehuset.

Kona på garden, ho som skulle stå for internatet og driva den praktiske hushaldsopplæringa, det var Marta Maria Aasland. Saman med styrarparet var det heile tida ei handarbeidslærarinne og ein teori-lærar, begge postane var sterkt ettertrakta med søkerjarar frå heile landet.

Marta Maria, "Mor Åsland", må ha vore eit ufattelag sterkt og vel utrusta menneske. Så var ho

og oppvaksen på Mossige, i heimen der Ivar Aasen møtte kvinner som fekk han opp i undring over måten dei ordla seg på, frimodig og forstandig om saker han slett ikkje hadde venta at kvinner her på bygda skulle bry seg med. Ho fødde 13 born, og heldt fram som husmor endå etter at mannen døydde og sonen overtok styrarstillinga i 1888. Alle kalla henne Mor Åsland, så lenge ho levde, og ho møter oss gjennom dei sparsame historiene frå skulen og livet der som nettopp den gode mora, om-sorgsfull, påpasseleg, streng og krevjande, men også mild og var. Munnhellet som lever etter henne, fortel om ein vaken og drivande arbeidsleiar. Ho tolte ikkje å sjå at dei unge let hendene sigagjerandslause ned i fanget. Då kvesste ho i: "Ser de injenting å gjæra, jente?" Nett det lærte nok jentene godt på Åsland: Sjå kva som trøngst å gjerast. Det viser arbeidet deira der dei kom seinare, både for sine eigne og samfunnet omkring.

Kva fekk dei elles med seg frå jenteskulen?

Typisk nok er det berre dei teoretiske faga som står på vitnemåla den første tida, slik Dina Omundsdtr. Norheim sitt "Vidnesbyrd" frå 1884 viser:

"Udmærket godt, 132, uddragen af følgende
spesielle Karakterer for
Læsning
Norsk muntlig
Norsk skriftlig
Geografi
Regning
Sang
Historie"



Fig. 3

Marta Maria - "Mor Aasland" med spøtet heima i stova kring 1910.
Fotograf ukjent. * Time Folkebibliotek.

Omkring 1890 blir Historie skift ut med Husholdningsteori, og protokollen forenklar systemet til ein hovudkarakter utrekna etter teoretisk og praktisk Færdighed. Oppførselen har gjennomgåande vore Særdeles god. Noko anna ville då ingen venta heller av flinke jenter, opptekne etter tilråding frå både lærar og prest på grunnlag av skulekarakterar og "Moralsk Vandel". Dertil visste desse jentene vel kor privilegerte dei var som fekk seg dyrt påkosta skulegang.

Liv og læring på Lindland - bruket

Pensumet var ikkje slik at timane kunne fjasast bort. Kvar morgon møtte jentene i styrarhuset til frokost, og så vart arbeidet fordelt: i fjøset, kjøkkeneneste, på vevstova, i systova med saum og lapping, på strykesalen eller ute på gardsarbeid i onnene. Dei hadde bokedag to gonger i veka. Det skulle ikkje lite brød, eplekake og flatbrød til for ein hushald på omlag 50 menneske. Dei fekk læra å nytta råvarene og. Etter brødbakinga måtte jentene skrapa dei siste deigrestane or trauet og trilla dei til ertestore kuler, som så vart tørka på ettervarmen i bakaromnen og malne til kvardagskaffi - badla-kaffi.

Dei skulle kinna og ysta, stella slakt, skylja tarmar og stappa pølser. Og Stoffer skulle læra dei å spa, gjødsla, planta og vatna og halda ugraset borte. I slåtten gjekk dei i lange ferder og raka høy - "rakemaskinane på Lindland"! Heile fjøsstellet var framleis rekna for kvinnearbeid dei fleste stadene, og fjøstenesta kunne vera opptakten til lagnaden for resten av livet - særleg i førstinga av kurset heiter det at ungkarane rekte lange vegar til Åslandsfjøset for å ta dei nye elevane i augesyn. Det var ikkje



Fig. 4

Elevar og lærare ved Jentesskulen kring 1885. Frå venstre framme: lærar Endre Njå, Stoffer og Marta Maria Aasland og lærarinne Ueland (?).

Foto: Jan Greve * Time Folkebibliotek.

dumt for ein komande bonde å sjå korleis kandidatane tedde seg på mjølkekrakken.

Stopping og lapping hadde ein stor plass på dagsprogrammet - slik det var i husmora sitt daglege liv og virke. Det var eigen eksamen i stopping

og lapping, med ekstern "sensorinde". Sjølvaste amtmannen blanda seg elles opp i den saka ein gong då ei av elevane hadde fått styraren si meir enn medtekne underbukse til rehabilitering. Han heldt plagget opp og erklærte at det var inga naud å

gå i bøtt underbukse når arbeidet var så fint gjort.

Eit pedagogisk kunstgrep, det der, for no var kommisjonen bekymra for at det skulle gå slik dei mest skeptiske hadde frykta i starten: Skulen vart for fin og jentene fekk smak på "Fruentimmerferdigheder" som meir høyrd heime framfor sladrespegele i ein byborgarheim enn i eit gardshushald på bygda. I eksamensprotokollen det året, 1890, finn vi tilført:

"Det meddeles at under Cencoreringen blev ikke taget Hensyn til de af Eleverne utførte og framstilte Silkebroderier, da Amtsskolestyret meddelte Cencorindens syn paa, at saadt finere Arbeide etter Skolens Plan ikke var paakrævet, og at dette og lignende finere Arbeider kan staa i Fare for at optage Elevernes Tid for mere paakrævet og praktisk Arbeide som Stopning, Lapning og lignende. Man var fremdeles enig om, at mindst mulig Tid burde ofres paa saadt Arbeide som ikke strengt taget fører til vore almindelige huslige Forholde. Man frygter for, at hvis Skolens Plan skal overskrides og Arbeidet mere og mere tenderer i en forfinet Rætnings, vil dette muligens have skjæbnesvangre Følger for Skolens Bestaaen".

Men dei hadde kveldane og nettene, og sat med parafinlampen mellom seg på romet og sydde "finere Arbeide" til å ha med heim, sydde draumar inn i tunger og engelsksaum på kvite linnet og brurenattkjolar - som ikkje alltid vart tekne i bruk heller. Så umogeleg kan verda te seg. Det ligg mange klenodier kring i kommodeskuffene etter dei flittige fingrane som stakk og stakk der under lampeglaset.

Rekneskapen for 1890 viser eit driftsbudsjett på vel fire tusen i året.

Udgift

An advertisement, Skolen	27,00
Marts 1. En Maalesnøre	1,65
" 13. Maskinnaaler	1,20
" 24. Kontingent "Vaarsol"	2,50
" " Do."Husmoderen"	3,50
" " Do.Norsk Familiejournal	5,00
Maj Binding af Haavid	1,56
" 31. Marta Aalgaard	15,00
" 30. En Maalesnøre	1,20
Aug. 22. Indbinding af Bøger	5,20
Oktbr. 8. Lærerindeløn og Kosthold	322,23
" 16. Snøre og Kridt	1,85
" 20. Symaskin naale	0,50
Nov. 20. Reparation af Symaskine	0,80
" 29. Marta Aalgaard	20,00
Dec. 7. Lærerindeløn og Kosthold	77,77
" 29. Reparation af Uret	1,00
" " af Vævgang, Rokker m.m.	25,00
" " Maskinnaale og Hovlgarn	5,50
" " Bestyrerløn	1200,00
" " 18 hele Fripladser	2592,00
" " Lys og Brændegodtgjørelse	60,00
	4370,26

Indtægt

Marts 5. Pr. Amtskassereren anvist 5-3	1417,34
Mai 23. " Do " 23-5	1350,00
Septbr. 1. " Do " 24-8	1417,34
Marts 1. "saldo fra forrige aar	158,61
" balance	27,97

4370,26

Men sjølvsgart trøngst det visse grunnlagsinvesteringar i oppstartinga. "Fortegnelse over Stavanger Amts praktiske Jenteskoles Inventarium" viser kva slag hjelphemiddel dei fekk å driva denne vidaregåande opplæringa med i 1883.

Naar anskaffet	Slags	Pris	Anm.
1883	1 Symaskin	54,00	
	1 Do	44,00	
	2000 Haavild	10,00	
	1 Dus. Sneder	0,60	
	1 Planiglobium	19,00	
	3 Expl af Læsebog for Folkeskolen	3,60	
	1 J.Aars Retskrivn. regler	0,50	
	1 Abrahamsens Sangbog I-II	1,00	
	1 Karl Seips Visebog	0,30	
	1 Tillæg til Do	0,50	
	1 Melodier til Do	1,40	
	1 Kenneruds Regnebog	0,60	

Til neste års kurs fekk dei seg både vevstol, Skandinavie-kart, globus og lærebøker i geografi og historie, eitt eksemplar av kvar. Seinare kom m.a." 1 Spinderok, 1 Vækkeruhr (kva dei no trøng det for, som hadde Mor Åsland), Europakart, 4 Anatomiske Vægtavler, 1 Meterplanche, Balkens Kogebog" og i 1900 heile 19 skjønnlitterære verk og biletbøker og illustrerte magasin. Både Bjørnson og Kielland og Lie, saman med **Det Hellige Land** og **Sande Kvinder** - målet måtte ikkje sleppast av syne i denne utstyr- og velstandsauken.

Alt utstyret frå dei første åra er merka "Udslidt" etterkvart, bortsett frå bøkene og plansjane som framleis figurerer på den endelege oppteljinga i 1902. Endå dei hadde vore handfarne av 282 lærhungrige ungjenter mellom 16 og 25 år. For mange var dette kanskje det første møtet med **Boka** utanom det som hørde til ei sparsam folkeskuleopplæring. Og ein kan gjerne spekulera på kva heile møtet med lærerstofet på Åslandsskulen har tilført dei 41 Rogalandsskommunane som sende elevar dit. Time sende elles dei fleste, naturleg nok, heile 24 jenter i alt. Deretter kjem Håland (Sola) med 16, Klepp og Hetland med 13, Strand med 11 og Vigidal, Sand og Høyland med 10 kvar.

Ikkje så få vart verande på Jæren, all si tid etterpå. Ljomande jentesong frå Nonsberget om søndagane og leiken på Danseberget om kveldane gjorde Åsland til ein spennande møteplass for ungdom i rett alder til å festa seg. Men kvar dei så kom til å øva sine "Fruentimmerferdigheder" i åra etter jenteskulen, så heiter det over alt at "Åslandsjentene merkte seg ut".

Nye tider og nye krav

Då det var vedteke at jenteskulen skulle leggjast ned i 1902, skreiv styraren Chr. S. Aasland i "den i Skolens Plan 14 paabudte Indberetning" også eit tilbakeblikk på skulen i dei 20 åra han hadde vore driven. Styrarløna og godtgjeringa til "Hustruen eller Husholdningslærerinden" og læraren i teoretiske fag har heile tida vore den same. Berre Haandgjerningslærarinna har fått lønsauke, frå 344,- til 400,- kroner i året. Kontrakten mellom Amtsformandskapet og styraren har stått uendra. Og sjølve skuleplanen har også vore den same heile tida, bortsett frå at verdshistorie som fag vart utskift



Fig. 6

Frå utstillinga om Jenteskulen på Åland i Bryne Mølle i 1988.
Foto: Olav Garborg.

med Husholdningstheori i 1894, og at det er gitt eigen karakter for Husholdning etter 1896, etter Amtsskulestyret sitt vedtak.

"Skuer man tilbage og samler alt i et Billede, synes der at være Grund til at haabe på, at Skolens Virksomhed har været et, omend svagt, Led i den stedfundne Udvikling.

Skolens økonomiske Virkemidler har været sterkt begrænsede og derigjennom ogsaa meget hemmende for den Fremgang og Udvikling, som under heldigere økonomiske Vildaar kunde været naaet.

...

Har ikke Skolen kunnet naa frem til saa store Resultater, som kunde været ønskværdige, og

som Nutidens Fordringer stiller, da maa efter det anførte ikke alle Aarsager søger paa et enkelt Hold; der er flere om dette Ansvar.


...

Måtte det blot lykkes ret snart at faa en ny Jenteskole i stand for Amtet, som bedre kunde fylde sit Maal og tilfredsstille de stigende Fordringer uden alt for store pekuniære Ofre, vilde det gjælde mange."

Fig. 6

Frå utstillinga om Jenteskulen på Åslund i Bryne Mølle i 1988.

Foto: Olay Garborg



Den nye husmorskulen som var på trappene, var Sømme. Selskapet for Norges Vel hadde teke over saka og oppretta fleire slike skular over heile landet i 1880-90 åra. Utviklinga gjekk mot statsstøtta husmorskular der Stortinget skulle vedta retningslinje, og skulane skulle høyra inn under landbruksdepartementet. Den nye husmorskulen for Rogaland på Sømme vart til i åra 1905-06.

Kjelder og dokumentasjon

Opplysningane om Jenteskulen finst først og fremst i den handskriven skuleprotokollen som dekker alle dei 20 kursa på Åsland. Den er i Time kommunearkiv. I protokollen står namna på alle elevane, kva dei betalte for seg, karakterane deira, og eksamenskommisjonen sine merknader til verksemda.

Protokollen inneholder inventarielister og rekneskap for året 1890. Slike opplysningar er også

publiserte i Stavanger Amtsformandskabs Forhandlinger, der styraren også leverer årleg innberetning.

Artikkelen til Aarne Aasland i *Ætt og Heim* (1975) fortel om dagleg liv på skulen. Og endeleg gir Ola Barkved ein grundig gjennomgang av arbeidet som førte fram til opprettinga av jenteskulen, i artikkel i Stavanger Aftenblad 17.januar 1975:

"Dannelsesanstalt for unge Quinder"

Hausten 1988 stod Time kulturkontor ved underteikna for ei utstilling om "Jenteskulen på Åsland" i Bryne Mølle. Vi fekk samla inn gjenstandar frå skulen, musea og i privat eige, mange fotograf, og opplysningar om skulen og verksemda der frå etterkomarane etter Marta Maria og Stoffer Aasland. Og ikkje minst fekk vi ei fullstendig samling av handarbeid utførte på Åslandsskulen ved Serina Sørbø frå Rennesøy fødd 18.03.1880. Utstillinga er gjenomfotografert og alt biletjemateriale og tekstar oppbevarte på Time kulturkontor.